



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samsfunnsutvikling - avdeling næring

«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Karen Løvfall Våge	958 24 275	2021/24-32	«REF»	24.11.2021

Velkomen som deleigar av landbrukseigedom - gnr/bnr 192/40 – Kjartan Mehammer - Børge Mehammer - Hege Mehammer Tofte - Sæbøvik

Landbrukskontoret i Kvinnherad har registrert at de i februar har overteke del av ein landbrukseigedom i kommunen.

Utifrå opplysningar i NIBIO Gardskart har gnr./bnr. 192/40 til saman følgjande areal: 4 daa fulldyrka jord, 2 daa innmarksbeite og 22 daa produktiv skog, inkludert anna areal, totalt 128 daa på eigedomen.
<https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/4617/192/40/0>

Landbrukskontoret har som oppgåve å førebu saker etter jordlov, skoglov, odelslov og konsesjonslov. Ei rekkje planleggings- og tilsynsoppgåver knytt til landbruket vert utført her, og vi forvaltar ulike statlege tilskotsordningar. Det vert for omfattande å koma med eit fullstendig oversyn over kva vi kan hjelpe dykk med i eit skriv.

Som ny eigar har du kanskje fleire spørsmål. Du er difor velkomen til å ta kontakt for ein prat dersom du ønskjer det, og for eit besøk på landbrukskontoret.

Vi anbefaler å følgje med på «Landbruket i Kvinnherad» på Facebook. Her kan du sjå kva aktivitetar som rører seg i landbruket. Meld deg gjerne inn i den lukka gruppa «Bønder i Kvinnherad» for å få kontakt med folk med direkte tilknytning til landbruksdrift i Kvinnherad.

Vi vil ynskja lukke til vidare som eigar av landbrukseigedom.

Meir informasjon om landbruket finn du på www.landbruksdirektoratet.no . Nyttig informasjon for nye bønder finn du også på www.bondeboka.no

Med helsing

Karen Løvfall Våge
Landbrukskonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.